



**Møteprotokoll  
for  
Utval for drift og utvikling**

**Møtedato:** 05.06.2018  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 15.00 - 16.55

Møtet vart styrt av leiar Mabel Johansen, H.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 28.05.2018 og møtet var kunngjort i pressa 02.05.2018.

Før handsaming av sakene var utvalet på synfaring i samband med UDU-sak 53/2018.

| Møtedeltakarar           | Parti | Rolle       |
|--------------------------|-------|-------------|
| Mabel Johansen           | H     | Utvalsleiar |
| Tormod Skurtveit         | AP    | Nestleiar   |
| Fredrik Seliussen        | H     | Medlem      |
| Åse Nina Sudmann         | AP    | Medlem      |
| Henriette Fennelly       | FrP   | Medlem      |
| Erling Rønnestad         | KRF   | Medlem      |
| Åshild Aamli             | MDG   | Medlem      |
| Grethe W Sjøiland Sæthre | AP    | Varamedlem  |
| Leiv Jan Fosse           | SP    | Varamedlem  |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti |
|-----------------------------------|-------|
| Asbjørn Larsen                    | AP    |
| Rune Lekven Skår                  | SP    |

---

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådgevar byggesak Tore Johan Erstad.  
Skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen møtte til sak 49 og 56.

Protokollfører: Randi Hilland

6. juni 2018

Mabel Johansen  
leiar

Randi Hilland  
konsulent

---

## Sakliste

| Saknr   | Tittel   |
|---------|--|
| 45/2018 | Godkjenning av innkalling og sakliste  |
| 46/2018 | Godkjenning av møtebok   |
| 47/2018 | Referatsaker   |
| 48/2018 | Delegerte saker  |
| 49/2018 | Fastsetting av fellingskvote for hjort 2018  |
| 50/2018 | Dispensasjon for oppføring av einebustad på gbnr 18/12, Sagstad  |
| 51/2018 | GBNR - 15/14 - Søknad om dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftformålet i kommuneplanen sin arealdel for opparbeiding av veg over gbnr. 15/7 til gbnr. 15/14 - Hopland                       |
| 52/2018 | GBNR 22/245 - Dispensasjon frå byggehøgde i reguleringsplanen- Oppføring av industribygg, Mjåtveit næringspark   |
| 53/2018 | GBNR 9/29 - Hjertås- Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, riving av steingard  |
| 54/2018 | GBNR 23/4 - Klage på løyve til opparbeiding av offentleg parkeringsplass og avkøyning, gangveg til friområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg - Frekhaug |
| 55/2018 | GBNR 47/10 og 47/49 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Arealoverføring av tilleggsareal til fritidseigedom  |
| 56/2018 | Aktuelle saker   |

## **45/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

## **05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 45/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **46/2018: Godkjenning av møtebrotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå møte 17.04.18 vert godkjent.

## **05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 46/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte 17.04.18 vert godkjent.

---

## **47/2018: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

## **05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 47/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering.

---

## **48/2018: Delegerete saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerete saker vert tekne til orientering.

## 05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 48/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

---

### **49/2018: Fastsetting av fellingskvote for hjort 2018**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling syner til rådmannen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2018 til 142 dyr. Det vert tildelt 4 løyve ved retta avskyting, løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Ved tildeling av dyr skal det leggjast meir vekt på å halde bestanden stabil og få ein felles avskytingprofil med bestandsplanen. Dette gjeld ikkje dei valda som får løyver etter bestandsplanar godkjent av kommunen.

Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

## 05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 49/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling syner til rådmannen si saksutgreiing og vurdering, og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2018 til 142 dyr. Det vert tildelt 4 løyve ved retta avskyting, løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Ved tildeling av dyr skal det leggjast meir vekt på å halde bestanden stabil og få ein felles avskytingprofil med bestandsplanen. Dette gjeld ikkje dei valda som får løyver etter bestandsplanar godkjent av kommunen.

Vedtaket har heimel i §§ 9 og 21 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

---

### **50/2018: Dispensasjon for oppføring av einebustad på gbnr 18/12, Sagstad**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) og føresegn 1.6.14 i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av ny einebustad på gbnr 18/12 i samsvar med søknad journalført motteke 21.02.2018. Dispensasjonane blir gitt på vilkår om at eksisterande bustad på eigedomen blir bruksendra til anneks/uthus før det blir gitt bruksløyve til ny bustad.

Vidare gir Utval for drift og utvikling samtykke til omdisponering av om lag 0,5 daa innmarksbeite i medhald av jordlova § 9 for oppføring av ny bustad.

Oppføring av nytt våningshus kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

## 05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 50/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) og føresegn 1.6.14 i kommuneplanen sin arealdel for oppføring av ny einebustad på gbnr 18/12 i samsvar med søknad journalført motteke 21.02.2018. Dispensasjonane blir gitt på vilkår om at eksisterande bustad på eigedomen blir bruksendra til annekst/uthus før det blir gitt bruksløyve til ny bustad.

Vidare gir Utval for drift og utvikling samtykke til omdisponering av om lag 0,5 daa innmarksbeite i medhald av jordlova § 9 for oppføring av ny bustad.

Oppføring av nytt våningshus kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve etter pbl kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

---

### **51/2018: GBNR - 15/14 - Søknad om dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftformålet i kommuneplanen sin arealdel for opparbeiding av veg over gbnr. 15/7 til gbnr. 15/14 - Hopland**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling gir, med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå gjeldande arealformål LNF i kommuneplanen sin arealdel for etablering av tilkomstveg til fritidsbustad på gbnr. 15/7 fram til, og på, gbnr. 15/14. Dispensasjonen gjeld i samsvar med vedlagte situasjonsplan og på vilkår om at vegen i størst mogleg grad vert tilpassa eksisterande terreng og omgjevnadane elles.

Vidare gir Utval for drift og utvikling løyve til omdisponering av dyrka mark, jf. jordlova § 9.

Vilkår:

- Vegen skal plasserast så langt mot grensa mot gbnr. 15/11 som mogleg.
- Vegen skal ikkje verte breiare enn 4 meter samla, med vegskulder.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

Det kan ikkje setjast i verk søknadspliktige byggjetiltak før det er gitt naudsynte løyve i samsvar med pbl kapittel 20.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl § 21-9.»

## 05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### **UDU - 51/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Utval for drift og utvikling gir, med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå gjeldande arealformål LNF i kommuneplanen sin arealdel for etablering av tilkomstveg til fritidsbustad på gbnr. 15/7 fram til, og på, gbnr. 15/14. Dispensasjonen gjeld i samsvar med vedlagte situasjonsplan og på vilkår om at vegen i størst mogleg grad vert tilpassa eksisterande terreng og omgjevnadane elles.

Vidare gir Utval for drift og utvikling løyve til omdisponering av dyrka mark, jf. jordlova § 9.

Vilkår:

- Vegen skal plasserast så langt mot grensa mot gbnr. 15/11 som mogleg.
- Vegen skal ikkje verte breiare enn 4 meter samla, med vegskulder.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

Det kan ikkje setjast i verk søknadspliktige byggjetiltak før det er gitt naudsynte løyve i samsvar med pbl kapittel 20.

Dispensasjonen fell bort dersom den ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl § 21-9.

---

### **52/2018: GBNR 22/245 - Dispensasjon frå byggehøgde i reguleringsplanen- Oppføring av industribygg, Mjåtveit næringspark**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå føresegn 3.2 (5) til reguleringsplanen for Detaljregulering for næringsområde Mjåtveit- Dalstø for oppføring av nytt industribygg på gbnr 22/245 der to tårn har ein gesimshøgde på 25,2 meter frå gjennomsnittleg planert terreng i samsvar med søknad motteke 17.4.2018.

Søknadspliktige tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve etter pbl. Kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje blir nytta, jf pbl § 21-9. For grunngjeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

## 05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### **UDU - 52/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå føresegn 3.2 (5) til reguleringsplanen for Detaljregulering for næringsområde Mjåtveit- Dalstø for oppføring av nytt industribygg på gbnr 22/245 der to tårn har ein gesimshøgde på 25,2 meter frå gjennomsnittleg planert terreng i samsvar med søknad motteke 17.4.2018.

Søknadspliktige tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve etter pbl. Kap. 20. Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje blir nytta, jf pbl § 21-9. For grunngeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurderinga ovanfor.

---

### **53/2018: GBNR 9/29 - Hjertås- Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, riving av steingard**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling finn at klage journalført motteke 24.4.2018 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslag datert 23.3.2018, saksnr. 74/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for endeleg avgjerd.

## 05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

#### **Framlegg til vedtak i møtet:**

Saka vert utsett.

Utvalet ber administrasjonen vurdere om det er mogeleg å flytte steingarden.

#### **Avrøysting:**

Utsetjingsframlegget vart **samrøystes vedteke.**

### **UDU - 53/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Saka vert utsett.

Utvalet ber administrasjonen vurdere om det er mogeleg å flytte steingarden.

**54/2018: GBNR 23/4 - Klage på løyve til opparbeiding av offentlig parkeringsplass og avkøyring, gangveg til friområde og gangveg til badevika, samt etablering av fundament for framtidig skogsveg - Frekhaug**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling finn at klage frå Jarle Hvidsten, journalført 13.4.2018, ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 23.3.2018, saksnr. 76/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

**05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

**UDU - 54/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Utval for drift og utvikling finn at klage frå Jarle Hvidsten, journalført 13.4.2018, ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at løyve datert 23.3.2018, saksnr. 76/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

-----  
**55/2018: GBNR 47/10 og 47/49 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Arealoverføring av tilleggsareal til fritidseigedom**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for drift og utvikling gir medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen samt føresegn 1.2 (plankrav) og føresegn 1.6.14 (størrelse på fritidseigedom) til KPA for arealoverføring av om lag 1,2 daa frå gbnr 47/10 til 47/49 i samsvar med søknad journalført motteke 04.04.2018.

For grunngeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over.

**05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

**UDU - 55/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Utval for drift og utvikling gir medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen samt føresegn 1.2 (plankrav) og føresegn 1.6.14 (størrelse på fritidseigedom) til KPA for arealoverføring av om lag 1,2 daa frå gbnr 47/10 til 47/49 i samsvar med søknad journalført motteke 04.04.2018.

For grunngeving av vedtaket blir det vist til saksutgreiing og vurdering over.



## **56/2018: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **05.06.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Følgjande saker vart tekne opp:

##### **Åshild Aamli, MDG:**

Referer til oppslag i lokalavisa Strilen om skoghogst på Mjåtveit. Har kommunen pålagt opprydding.

Administrasjonen svarte:

Grunneigar har lov å hogge skog/trefall. Har gitt melding om at hogsten og rydding kunne vore utført på ein betre måte. Opprydding ikkje ferdig.

Eventuell skade på fangdam er eit privatrettsleg forhold.

Har bede om tilbakemelding frå grunneigar når det er ferdig rydda. Kommunen har løpande oppfølging og vil bruke lovlege verkemidlar til at eventuelle skader vert retta opp.

##### **Erling Rønnestad, KrF:**

Ønskjer status saksbehandlingstid på byggesøknader i Meland.

Administrasjonen svarte at på byggesak er ein godt innanfor vedtekne fristar.

Når det gjeld plansaker er ein godt i rute, har god styring og kontroll.

##### **Tormod Skurtveit, AP:**

Innført vatningsforbod - er kapasiteten for dårleg.

Administrasjonen svarte at det er auka forbruk og at arbeid er i gang for å auke kapasiteten.

##### **Mabel Johansen, H:**

Har motteke skriv frå Bjarte Skintveit om traséval Fløksand-Vikebø.

Innspelet fra Bjarte Skintveit er i etterkant av møte oversendt Statens vegvesen.

#### **UDU - 56/2018 VEDTAK:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

UDU ønskjer informasjon om status i saka skoghogst på Mjåtveit på neste møte.

-----